



- Uforståeleg at eit areal på 300 dekar pr. løyve er einaste kriteriet for å få tildelt hjorteløyve, skriv Haugland jaktvald til kommunen.

Haugland jaktvald ved Lars Haugland har klaga til kommunen på antall fellingsløyve for hjort. Valdet har fått tildelt 14 dyr (herav fire kalvar) men for 2007 bør det skytast over 20 dyr på Haugland, heiter det i klaga.

I fjor haust vart det delt ut 108 løyve i Uskedalen, unntatt Skorpo, og det vart skote 78 dyr. Haugland Jaktvald var det einaste valdet i Uskedalen som fylte kvoten og var ferdig med jakta 5. oktober. Då hadde dei skote 17 bøtjuvar.

Viltforvaltninga har berre ei løysing på hjorteproblema på Haugland, nemlig storvald. Dei to valda oppfor Haugland – Musland og Fjellandsbø – er ikkje interessert i å vera med. Haugland tok i vinter kontakt med Myklebust/Kjerland/Ytre Rød, men dei kunne ikkje svara før dei hadde hatt årsmøte og det vart ikkje halde før i siste del av mars. I slutten av mars var det ei ny samling for å drøfta storvald, men dette var så seint at tida vart for knapp i våronnarbeidet.

- Her er mange skeptiske grunneigarar, og difor kan ikkje dette bli eit hastverksarbeid om vi vil ha mange med, skriv Lars Haugland.
 Storvaldplanane skal takast oppatt til hausten. Haugland Jaktvald tek ikkje hovudansvaret for at det ikkje vart storvald frå 2007.
 Tildelinga av berre 14 dyr oppfattar Haugland som maktutøving frå viltforvaltninga for å pressa fram eit storvald.
 - Og sidan det berre er vårt vald som ynskjer fleire løyve, er det vel berre oss viltforvaltninga kan presse, held Haugland fram.

Utgangspunktet er at kvart felt i eit nytt Uskedalen storvald byggjer på tidlegare tildelt kvote. - Valda nedanfor Haugland har liten vilje til å la oss skyte meir hjort med bakgrunn i deira areal. Vert vi atåande med 14 dyr i år, får vi i utgangspunktet ikkje fleire dyr i eit eventuelt storvald enn vi har utan storvald. Auka avskyting var vårt

viktigaste motiv for å gå inn i storvaldet, skriv Haugland, som sleg fast at hvis kvoten på 14 blir ståande, vert det en enda tyngre jobb å få grunneigarane til å sjå fordelane ved eit storvald.

Haugland jaktvald minnar om skadeproblema som hjorten fører med seg for valdet.

- Det er heilt uforståeleg for oss at eit areal på 300 dekar pr. løyve er einaste kriteriet for å få tildelt hjorteløyve. Vi har lite areal, men store flokkar med bøtjuvar. Hjorteplaga på jordbruk, skogbruk og frukttre er langt over eit akseptabelt nivå og dette hadde vi trudd at viltforvaltninga visste og ville hjelpa oss med, skriv Lars Haugland.

Han opplyser at medan han skriv brevet går heile den tildelte kvote og beitar på innmarka rett oppfor løa hans!

Av Ola Matti Mathisen